

Spreier juleglede



UNG JULENISSE: Marcus Ousdal (7) samlar inn gåver til fattige barn i år igjen.

Marcus Ousdal (7) synest det er like kjekt å gi som å få. Difor samlar han nok ein gong inn gåver til barn som treng det.

ELISABETH BERG HASS
elisabeth@kvinnheringen.no

For barn flest er pakkeopninga på julekvelden det største høgdepunktet i julen. Men ikkje alle barn har det sånn.

– Nokre barn er fattige, og får ikkje så mange gåver, fortel Marcus Ousdal (7) i Omvikdalen.

Jula i 2013, då han var fem år gammal, kom han sjølv på at han ville hjelpe desse barna ved å samla inn julegåver til dei. Og responsen var heilt overveldande.

– Svært mange ønskte å bidra. I den andre enden var det stort behov for gåvene. Difor såg vi at det nytta, fortel mamma Diana Ousdal.

I fjor gjentok dei difor initiativet, til endå større respons. Og gler seg til å gjera det same i år.

– Kvifor vil du hjelpa, Marcus?

– Då kan eg gjera sånn at fattige barn kjenner seg litt rikare, forklarer han.

For sjølv om guten sjølvsagt elskar å få julegåver, har han også oppdagat glede ved å gi.

– Eg synest det er kjekt å vita at andre blir glade, smiler han.

Frå no av og fram til 15. desember kan dei som ønsker å bidra, levera gåver til familien Ousdal, eventuelt ta kontakt om møte for overleveing.

– Vi kjem også til å ha ein dag for innsamling på Husnes, og éin i Rosendal. Det er også nokon som har sagt seg villige til å samla inn for oss på Halsnøy, fortel Diana.

Kva som skal liggja i gåvene stiller dei ingen krav til, anna enn at det

må vera nye, ubrukta ting. Heimestrikka klede er også veldig kjærkomment, får vi vita.

Tidlegare har vi fått mykje til små barn, som er vel og bra. Men behovet er nok minst like stort blant dei litt større barna og tenåringane, så eg håper vi får noko til desse også, seier mor og son.

Dei oppmodar givarane om å merka dei innpakka gåvene med om innhaldet passar til gut eller jente, og sånn omtrent kva aldersgruppe gåva kan passa til.

– Dei som ønsker å motta gåve kan kontakta oss fram til rundt 20. desember, og dei får sjølvsagt vera anonyme. Vi plar dela ut gåver til dei som treng det her lokalt først. Får vi noko att, reiser vi til Bergen og leverer det til Robin Hood-huset, forklarer Diana og Marcus.

Pengar til sjukehusbarn

Onsdag fjerde november hadde Valen barnehage sponsorløp til inntekt for «Sykehusbarna».

Heile barnehagen var med og alle barna viste stor glede og vilje til å springe. Nokre sprang tre rundar og nokre sprang enno meir. Det vart ein kjempeskjekk dag ute i strålende haustvær og vi fekk inn mykje pengar. Heile 16.270 kroner! Det var mykje pengar! På førehand hadde foreldre fått med seg fleire lappar heim der dei sjølv skulle få velje kor mykje pengar dei skulle betale per runde. Dei minste barna sprang rundt leikeapparata i barnehagen, mens dei eldste var så heldige at dei hadde fått låna Valeparken av skulen.

Etter endt dag var det Fau som stod for bollar, saft og kaffi som vi selte til føresette og besteforeldre. Tusen takk til flinke foreldre i Fau i Valen barnehage for gode bollar!



LØP: Barnehagebarna var ivrige og sprang. (Foto: Valen barnehage)

FRÅ 25. NOVEMBER
må du vera abonnent og ha registrert deg med aID for å lesa sakene på nettavisa.

**FÅ
TILGANG**

**til eAvis og alt innhold
på kvinnheringen.no**

- 1) Gå til www.kvinnheringen.no, klikk på «meny», (øvst til høgre)
- 2) Vel «Logg inn, aID»
- 3) Klikk på «lag ny brukar»
- 4) Registrer namn, mobilnr., epostadresse og fødselsdato
- 5) Kryss av for å godta vilkåra og vel «send meg eingongs-kode»
- 6) Du får no eingongskode tilsendt til din mobil
- 7) Legg inn eingongskoden og opprett eit passord
- 8) Du er no innlogga og har tilgang til eAvisa og alt innhold på kvinnheringen.no

**Du må lasta ned
og logga inn på eigen app
for å lesa eAvisa på mobil eller nettbrett.**

Denne er helt gratis.



Tilgang til
eAvisa al-
lereie kl 10.00
kvelden før



Registrere heile
fem familiemed-
lemmer på same
abonnement



Tilgang til alt
innhold på
våre nett- og
mobilsider

Treng du hjelp for abonnement eller aID?

Kontakt kundeservice **85 23 32 02**
abonnement@kvinnheringen.no

Kvinnheringen